



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: S582

Sak nr 1/2017

Møtedato: 9.2.17

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

S 582, Nørre Gilen – søknad tilbygg på sel

Torbjørn Kvåle søker om å få bygge på selet og etablere VA-anlegg. Teikningar og kartskisse er lagt ved søknaden. Søkjar skriv nærare om behovet i eige vedlegg.

Eksisterande sel er på 51 m² og det blir søkt om å få føre opp eit tilbygg på 36 m². Samla areal blir etter bygging 87 m². Etter vedlagt plan skal borehol, slamavskiljar og infiltrasjonsgrøfte skal ligge inn på stølsutmålinga.

Stølen blir brukt til mjølkeproduksjon. Stølen er etter fjellova i bruk og skal behandlast etter §10 i stølsforskrift:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Statskog har gjeve følgjande uttale datert 18.1.17:

Statskog har mottatt søknad fra stølsbruker og rettighetshaver på eiendommen fnr. 582 vedrørende utbygging av seterhuset med ekstra soverom og bad. I den sammenheng søkes det også om anleggelse av VA-anlegg inne på seterstulen. I henhold til Seterforskriftens § 10, skal fjellstyret behandle bygge saker og innhente uttalelse fra Statskog. På grunn av søknad også om VA-anlegg velger Statskog å gi uttalelse også vedrørende dette med kopi både til søker og kommunen som info.

Vedrørende byggesaken så må fjellstyret vurdere behovet for utvidelsen av selet opp mot den driften som rettighetshaver har på stølen. I dette tilfellet så er det mjølkekyr på stølen. I tillegg må tiltaket også vurderes i forhold til VA-anlegg som det søkes om. Det blir derfor viktig for fjellstyret å vurdere de forskjellige konsekvensene utbygging av VA-anlegg fører med seg med tanke på åpen vinterbrøytta veg og eventuelle merkostnader i forbindelse med omlegging av skiløyper. Dette er i så fall noe stølsbrukeren må bekoste selv.

Statskog tillater etablering av VA-anlegg innefor stølseiendommen så lenge anlegget plasseres innenfor stølseiendommen fnr. 582 og ellers retter seg etter de krav som kommunen stiller for slike anlegg i forhold til miljø, avrenning etc.

Søkande er sendt Oppland fylkeskommune til uttale, jf. stølsforskrift §10. Fjellstyret har ikkje motteke uttale.

Dette er eit mindre tilbygg og som gjer selet meir praktisk. Søkjaren har godtgjort at det er behov for meir areal. Statskog har ingen merknader til søknad om tilbygg og til VA-anlegg så lenge det er på stølsutvisinga. Utviding av bygningsarelet bør derfor vera ei kurant sak å få godkjent. Oppland fylkeskommune har ikkje gjeve tilbakemelding på søknaden. Fjellstyret skal likevel etter §10 gjera ei vurdering av utforming og ev. stille vilkår. I likande saker har fylkeskommunen uttala at utforming av bygningen er viktig for tilpassing til stølsmiljøet. Fjellstyret kan ev. be søkjar følgje ev. råd som kjem frå fylkeskommunen.

Når det gjeld VA-anlegg har fjellstyrt tidlegare gjeve signal om at ein ikkje har merknader til dette så lenge det skjer inne på eigeiendommen. Statskog skriv merknader om ev. brøyting av veg. Vegen har dei siste åra vore brøytta forbi stølen og det er ingen avtale om skiløype. Så lenge anlegget er innanfor stølsutmålinga og er i samsvar med kommunale krav, bør fjellstyret godkjenne tiltaket.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte tilbygg og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskriftene. Fjellstyret ber søkjar om å følgje ev. tilråding frå Oppland fylkeskommune. Fjellstyret har ingen merknader til etablering av VA-anlegg på vilkår av at det blir utført i samsvar med kommunal godkjenning.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte tilbygg og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskriftene. Fjellstyret ber søkjar om å følgje ev. tilråding frå Oppland fylkeskommune. Fjellstyret har ingen merknader til etablering av VA-anlegg på vilkår av at det blir utført i samsvar med kommunal godkjenning.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 10.2.17

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Torbjørn Kvåle, Statskog, Vestre Slidre kommune, Oppland fylkeskommune